



Takstreglar for buss og hurtigbåt Møre og Romsdal frå 01.01.2024

Husk at du alltid må kunne vise fram gyldig bevis på førespurnad om du reiser med rabattert billett. Ved endring av passasjerkategori, for eksempel frå barn til vaksen, er du sjølv ansvarleg for å refundere eller endre kategori på din billett ved å kontakte FRAM Kundesenter.

Vaksen: Du betaler vaksenpris dersom du ikkje tilhøyrar en rabattert gruppe. Kategori vaksen gjeld frå 18 til og med 66 år.

Barn: Barn frå 6 til og med 17 år betaler barnepris. Barn under 6 år reiser gratis (unntak er barnehage* og skuleskyss)

Barnepris er 50% rabatt av vaksenpris på enkeltbillett og 40 % rabatt på periodebillett.

Ved fylte 18 år er du ikkje lengre i kategorien barn, og er sjølv ansvarleg for å endre billett.

* Barnehagane kan reise med bussane utan å betale for barna på bussavgangar etter kl. 0900 og før kl. 1300. På hurtigbåt gjeld egne reglar.

Honnør: Honnørpris gjeld for alle over 67 år, person med norsk uføretrygd og blinde og døvblinde.

Honnørpris er med 50 % rabatt på vaksenbillett på enkeltbillett og 40 % rabatt på periodebillett.

Ektefellen, registrert partner får også honnørrabatt på enkelreiser når dei reiser saman. Reisande må kunne vise legitimasjon som dokumenterer rett til honnørrabatt.

Student: Studentpris gjeld for elevar ved vidaregåande skole og fulltidsstudentar til og med 29 år.

Studentpris på enkeltbillett for buss er minstepris kr 92 for reiser i to eller tre soner, og 50 % rabatt på enkeltbillett ved reise i fire eller fleire soner internt i fylket. Studentpris på periodebillett er 40 %. For reiser utanfor fylket gir vi 50 % rabatt på prispåslaget.



Er du under 24 år og reiser over to sonar lønner det seg å kjøpe FRAM Ung.

Er du student under 29 år og reiser over to sonar lønner det seg å kjøpe FRAM Student.

Eit gyldig bevis skal ha namn, fødselsdato, bilde av studenten og studiestad som stadfestar at du er student dette semesteret. Eit tips er å laste ned appen Student ID frå [Google Play](#) eller [App Store](#), eller appen PocketID frå [Google Play](#) eller [App Store](#).

Husk at du må kunne vise at du har rett til rabatt om personalet ber om det. Utan gyldig bevis vil du få tilleggsgebyr i ein billettkontroll.

- Ungdom:** Er du i aldersgruppa til og med 24 år kan du kjøpe periodebillett 30 dagar (FRAM Ung) som gir rett til eit uavgrensa tal reiser innan Møre og Romsdal i den perioden billetten gjeld for. Billetten gjeld ikkje på flybussar og kommersielle ruter. Reisande må vise gyldig aldersbevis på førespurnad.
- Lærlingar:** Alle lærlingar i Møre og Romsdal kan kjøpe billettar med studentrabatt mot framvising av lærlingbevis. Innlogga brukar i VIGO app for fagopplæring, benyttast som gyldig lærlingbevis. Det er inga øvre aldersgrense på rabatt for lærlingar.
- Militær:** Vernepliktige i førstegongsteneste betaler 50 % rabatt av enkeltbillett vaksen mot framvising av tjenestebevis.
- Føljeperson (ledsager):** Føljeperson til person med nedsatt funksjonsevne som har føljekort reiser gratis på FRAM sine transportmiddel i Møre og Romsdal ved framvising av bevis.
- Barnevogn:** Barnevogn kan takast med gratis viss det er plass om bord. Det er sjåføren eller mannskapet som avgjer om det er plass om bord, ut i frå sikkerheit.
- Hund:** Hund kan takast med mot betaling som for barn 6–17 år. Førarhund, politihund eller anna tenestehund i teneste reiser gratis.
- Sykkel:** Sykkel kan takast med mot betaling på buss, og prisen er lik barnebillett. På hurtigbåt kan sykkel takast med gratis.



Unntak: Det er gratis å reise med samanslåtte sykklar og små sparkesyklar som enkelt kan tas under armen.

Det er sjåføren eller mannskapet som avgjer om det er plass. Syklar og liknande kan ikkje prioriterast dersom det er fullt.

Reisegods: Inkludert i billetten er handbagasje, og inntil to kolli, totalt 30 kg. Større gods som kan takast med i den grad det er plass. Personalet avgjer om det er plass. FRAM tek ikkje ansvar for eventuelle skadar.

Familierabatt buss:

Laurdag, søndag og heilagdag (med unntak av 17. mai) kan du som er i kategoriane vaksen, honnør og student ha med inntil fire barn under 18 år gratis på reise med buss så lenge reisestrekninga er lik, og innanfor ei sone.

Familierabatt båt:

Familierabatt gjelder når ein familie (far/mor og barn i alderen 6-17år) reiser saman og løyser felles billett får alle 25% rabatt på enkeltbillett.

Refusjonar:

Dersom du ikkje får brukt periodebilletten, er det mogleg å søke om refusjon. Om du for eksempel flytter, blir sjukmeldt eller endrar reisemønster, kan krav om refusjon meldast til FRAM Kundesenter.

Vi refunderer restverdi som følgjer: Billetten blir sperra for bruk frå dagen du tek kontakt, og refusjon vert gitt med 1/30 av billettprisen (30-dagar periodebillett) pr. dag billetten ikkje har vore nytta.

Gjenværende verdi (reisepenger) på verdikortet som tidligere ble benyttet på buss kan refunderes til bankkonto.

Gebyr:

Reisande som ved kontroll ikkje kan vise gyldig billett for påbegynt reise, skal betale tilleggsavgift. Med påbegynt reise forståast at passasjeren er om bord i transportmiddelet. Dette gjeld også reisande som nyttar rabatterte billetter, og som ikkje kan legitimere seg/vise gyldig rabattbevis.

- Vaksen/honnør/student: Kr 1150, eller kr 950 om ein betalar på staden.
- Barn og ungdom som har fylt 15 år: Kr 950 uansett form for oppgjer.
- Falsk eller forfalska billett: Kr 2000, og billetten blir inndratt (uavhengig av kategori)



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Blir ikkje gebyret betalt på staden, vil det bli sendt faktura og nærare informasjon om betalinga. Manglande betaling vil bli følgd opp, og om nødvendig innkrevd ved inkasso.

Ved ilegging av tilleggsavgift som følgje av manglande rabattbevis, kan tilleggsavgifta bli fråfalla dersom den reisande, innan sju dagar, kan framvise gyldig bevis på at ein hadde rett til rabatt på kontrolltidspunktet. Dette forutsett at ein kan legitimere seg med legitimasjon med bilde når gebyret blir skrive ut. Reisande må sende kopi av gebyrblanketten saman med legitimasjon inn til FRAM Kundesenter. Gebyret blir fråfalle mot eit administrasjonsgebyr på kr 200,-.

For klage på ilegging av tilleggsavgift, send inn ein skriftleg klage til FRAM kundesenter.